

Strand Line

Fra: Jensen Ingunn på vegne av !Postmottak OED
Sendt: 2. desember 2010 15:03
Til: Strand Line
Emne: VS: Endeleg fråsegn til rapporten "Auka utvinning på norsk kontinentalsokkel"

Fra: Audun Erik Sunde [mailto:Audun.Erik.Sunde@sfj.no]
Sendt: 2. desember 2010 14:02
Til: !Postmottak OED
Kopi: Johnsen Jan Roth
Emne: Endeleg fråsegn til rapporten "Auka utvinning på norsk kontinentalsokkel"

Fylkesutvalet Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok 1. desember fråsegn som følgjer i sak 145/10 - Høyring av rapporten "Auka utvinning på norsk kontinentalsokkel":

Møtebok finn de på

<http://www.sfj.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC12577ED0032B085!opendocument&frame=yes>, mens saksutgreiinga ligg på

<http://www.sfj.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC12577ED0034336D!opendocument&frame=yes>.

Med unntak av mindre språklege endringar i avsnitt 2 og 4, er endeleg fråsegn likelydande med førebels fråsegn som tidlegare er sendt (med atterhald om politisk godkjenning) per e-post til Jan Roth Johnsen.

Med helsing
Audun Erik Sunde
Seniorrådgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune
Tlf. 57 74 93 11 / 91 64 58 74

SAK 145/10 Høyring av rapporten "Auka utvinning på norsk kontinentalsokkel" VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande fråsegn til rapporten "Auka utvinning på norsk kontinentalsokkel".

Store delar av petroleumsproduksjonen på norsk sokkel skjer utanfor kysten av Sogn og Fjordane (for olje er delen 27,5 %, mens den for petroleum under eitt er 20 %). Det er viktig for fylket at felta får ei lang levetid, men det er også viktig at ringverknadene i Sogn og Fjordane vert større av drift på desse felta. I mindre organisasjonar ligg det etter fylket sitt syn eit potensiale for kostnadseffektive løysingar, og auka sentralisering til Hordaland og Rogaland kan fort verke mot si hensikt.

Når det gjeld dei foreslegne tiltaka til Åm-utvalet, synest desse i all hovudsak å vere kurante. Fylket vil likevel kome med følgjande presiseringar:

1. Det vert peika på at ein må vere varsam med HMS-krav i forhold til haleproduksjon. Det er for tida ein aktiv debatt om tryggleiksnivået på sokkelen, også i forhold til felt utanfor fylket. Med stor produksjon utanfor Sogn og Fjordane, er det for fylket viktig at det ikkje vert gått på akkord med tryggleiken. Det er viktig at HMS-nivået vert vurdert av ein offentleg nøytral part.

2. Utvalet foreslår også gjennomgang av system for utbetaling av leitekostnader. Denne ordninga har medført mange nye aktørar på sokkelen. Utanfor Sogn og Fjordane er det i dag fleire selskap med aktuelle utbyggingsprosjekt. Det er ikkje sikkert at desse prosjekta ville ha nådd opp i køen blant dei store selskapa. For fylket har den auka dynamikken medført ny entusiasme. Desse positive effektane må vere ei sentral ramme for vurdering av forslag om å endre skatteincentiv ved leiteboring.

3. Det synest fornuftig å sikre ressursar til alternative utgreiingar som korrektiv til det operatør/lisens legg fram. Petoro har ein lisensovergrepande posisjon som gjer selskapet til ein aktuell kandidat for å ta eit slikt ansvar.